



Det er sett opp ny kasse med strøsand i oppkøyrsla til Halsabrotet byggeelt og til Dønhaugstølen.

Det er verskifte på gang. Vinteren er over for denne gong, men det kan i overgangen frå kulde- til plussgrader vera glatt, særleg der det har vore is i vegbanen. Det er komen ny sandkasse i oppkøyrsla til byggefeltet i Halsane. Informant på Eik fortel at det er to sandkassar med strøsand i Eikevegen.

Strøsanden er klar for å brukast. Sanden er spesiallaga for føremålet. Slik det ser ut, er det ein fin singel som ikkje frys ved fuktighet. Rett type kan vera 4-8 eller 2-6.

I oppkøyrsla til Halsabrotet er boksen plassert ved det som var Dagestad sitt hus. I Eikevegen står boksane i det brattaste ved Marit og Øystein Enæs sitt hus og lenger oppe i svingen og ved vegdele til Sørstølen.

Det er litt uklart om det står ein boks på Storhaug i nedkøyrsla til Friheim.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal